



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5213 - 14/27834

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.12.2014

## Dispensasjonssak på høring - tilbygg til garasje og endring av bruk til hobbybruk i område avsett til LNF-føremål - gbnr 174/44 Totland.

Saka gjeld søknad om tilbygg til garasje på eigedomen gbnr 174/44. Eigedomen, med påståande garasje, vart oppretta som ledd i generasjonsskifte på garden i 2014. Det er ønskje om å endra bruken frå garasje til bygg for hobbybruk. Dvs til bygg for lagring/utstilling av gamle gjenstandar frå den lokale samferdselshistoria. Det er tenkt at utstillinga kan visast til publikum etter førespurnad, jf vedlagt skildring av generelle tilleggsopplysningar. Bygget skal innreist med kjøkkenkrok og rom for toalett. Det er ikkje søkt om utsleppsløyve, men skildra at avlaupet frå bygningen kan knytast til eksisterande reinseanlegg på hovudbruket som ligg på andre sida av fylkesvegen. Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål med omsynssone landbruk i arealdelen til kommuneplanen. Tiltaket er i strid med LNF-føremålet og krev dispensasjon for å kunne godkjennast.

### Frist:

Vi ber om uttale i saka.  
Frist for uttale er 4 veker frå utsendinga, jf pbl § 21-5 (3).

Kommunen si vurdering av søknaden vil vera avhengig av mottatte uttalar.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 174/6 Totland - tilbygg  
Situasjonsplan  
Teikningar/plan - eksisterande  
Teikningar/plan - ny  
Kopi av søknad til Statens vegvesen  
Generelle tilleggsopplysningar  
Søknad tiltak  
Søknad om dispensasjon - gbnr 174/6 Totland  
Gbnr 174-44 grunnkart  
Gbnr 174-44 kommuneplan  
Løyve til frådeling (vedl 2)

**Kopi til:**

Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit      Seimstranda 267      5912      SEIM

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga	her		
Planavdelinga	her		
Statens Vegvesen	Region Vest	6863	LEIKANGER